

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

### ORIENTERINGAR

#### Nytt frå Skyss

Målfrid Vik Sørstabø orienterte om følgjande saker.

- Trafikktal for 2014.
- Status for linje 9.
- Etablering av Dialogforum buss Hordaland.
- Reklamefinansiert kollektivtransport,- status for konkurranseutsetjing.
- Automatisk passasjerteling. Det er tinga nytt utstyr som vil bli fordelt på rutepakkane i Bergen.

#### Ulukkesbarometer 2013 for Hordaland

Statens vegvesen v/Trond Hollekim orienterte om funna i rapporten som er ei faktasamling over alvorlege ulukker fordelt på ulukkestypar og fysiske element ved vegen.

#### Planlegging Arna – Vågsbotn

Olav Finne orienterte om dei korrigerte trafikktala på denne strekninga. Dette fører til at ein har noko betre tid på seg før tunnelane må byggjast ut til to løp. Den formelle prosessen med reguleringsplan vert lagt på is. Arbeidet vert vidareført i den pågående utgreiinga om Ringveg Øst og seinare formelle planprosessar. Finansiering vert vurdert gjennom rullering av NTP.

Utvalet ba om at det vert utarbeida eit notat om dette.

**Pål Kårbø** stilte spørsmål om det vert lagt til rette for kollektivfelt på ny Sotrabru.

Olav Finne opplyste at ein vurderar 3 ulike prinsipp for prioritering av kollektivtrafikken,- midtstilt, sidestilt og prioritering av kollektivtrafikken frå terminalane og inn på den nye vegen. Det er søkt om fråvik frå vognnormalane til vegdirektoratet. Vegdirektoretet arbeidar med saka.

### YMSE

**Tom Skauge** tok opp følgjande.

#### 1. Bybanefrekvens

Det er meldt i pressa at Bybanen skal redusera frekvensen fordi ei vogn skal ut for oppgradering.

- Er det råd å bestille fleire vognsett for å halde på den frekvens ein har i dag?

Målfrid Vik Sørstabø orienterte om bakgrunnen for at ei vogn til ei kvar tid er ute av drift. Det vart vidare opplyst at det ikkje er plass til meir enn 20 vogner på Kronstad så det er såleis ikkje aktuelt å framskunda leveringa av fleire vogner.

#### 2. Storkontollar på Bybanen

Det er gjennomført fleire storkontollar på Bybanen. Sist veke var 15 vektarar på Danmarks plass for å jakte på snikarar.

- a) Er det rimeleg samsvar mellom dei massive kontrollane og kunnskapen om at dei aller fleste reisande er ærlege.
- b) Er det rimeleg samsvar mellom dei massive kontrollane og det faktum at det framleis er mangel på billettautomatar og ofte er feil på valideringsautomatane.

Målfrid Vik Sørstabø opplyste at ein nyttar dette tiltaket for å sikra inntektene. Dei aller fleste reiser lovleg. Bybanen er eit ope system utan sosial kontroll og mange med ugyldig billett kjem seg unna ved vanlege kontollar med to kontrollørar. Ingen vert bøtlagte viss det er feil på utstyret. Med så mykje utstyr ute i drifta vil det alltid vera noko som er ute av drift.

### 3. Reklamefinansiert kollektivtransport

I meldingssak RS8/2015 på sist møte i SAMU kan ein lesa at det Bergen kommune har valt ein meir open og demokratisk sakshandsaming av retningslinene som vert lagt til grunn for kontrakt med reklameoperatør enn HfK.

- Vil administrasjonen justere sin plan for sakshandsaming i tråd med Bergen kommune slik at det er mogeleg å gje politiske styrtingssignal på framlegg til retningsliner?

Håkon Rasmussen opplyste om at det truleg føreligg ei mistyding her mellom fylkeskommunen og kommunen. Den motsetninga det vert synt til i spørsmålet er truleg ikkje reell.

**Einar Lutro** etterlyste svar på habilitetsspørsmålet som han reiset på sist møte.

Administrasjonen vil klarera dette til neste møte.

**Øyvind Hardeland** etterlyste sak om overtaking av ferjekaiar.

Rolf Rosenlund opplyste om at ein arbeidar med saka. Ein vil sjå på kostnadane med å ta over dei 4 kommunalt eigde ferjekaiane på fylkesvegsambanda. Det vil koma sak om dette før sommaren.

**Gustav Bahus** stilte spørsmål om maxibussane kan nyttast på andre linjer enn linje 9 ettersom det er lite belegg der.

Målfred Vik Sønstabø opplyste om at ein er inne i ein prøveperiode for bruk av bussane. I tillegg skal det installera ny drivaksling i løpet av sommaren. Bussane har godkjenning til å kunne nyttast på linje 9 og 2, og frå Skyss si side vert det lagt opp til å gjennomføra prøveperioden før ei vil nytta dei på andre linjer.